



Kl. 17 fredag vert julegrana tent for 50.gang(Foto: Ola Matti Mathisen)

I morgon, fredag, vert julegrana tent for 50. gang. Gjennom alle år har grana vore eit landemerke som har betydd mykje for uskedelingane og mange andre med ei viss tilknytning til bygda. Mange set pris på den vakre grana på ulike måtar. Slik har det vore i alle år!! Dette har og kome tydeleg til uttrykk gjennom åra. Engasjementet har og kome frå personar utanfor bygdegrensene.

Då det midt på 80-talet var nødvendig å investere i nye lyslekkjer, ville det vera eit tungt og betydeleg økonomisk løft for Musikklaget som i alle år har vore ansvarleg for den vakre, lysande julegrana. Det vart då beslutta å prøve ei kronerulling.



Ein av mange utflytta uskedelingar som set stor pris på julegrana - Jan Sunde.
(Foto: Ola Matti Mathisen)

Med Arne Terje Haugland og Svein A. Sunde som primus motorar, vart kronerullinga sett i gang ved hjelp av lokalavisene, og brev til bygdefolk og firma. Responsen var svært god både frå bygdefolk og andre. Den utflytte uskedelingen Jan Sunde i Runaway ringte frå Bergen og gav eit betydeleg startbeløp samstundes som han melde frå om at hvis ein trong meir for å sikra lysa, måtte ein sei i frå!! – Den grana skal aldri vera sløkt ei jula, sa han mellom anna. Kvinnherad Elektro ville dekkja forbruket av lyspærer fleire år framover. Johan Emil Bringedal, med elektrofirma i Stavanger, ringte med eit liknande tilbod. Kvinnherad Energi sytte for tilførsle av straum. Mange andre firma og privatpersonar støtta opp om innsamlingsaksjonen, og det var tydeleg at dei gjorde det med glede!! Velviljen var stor frå alle kantar!

Beløpet som kom inn vart så stort at det sikra både nye lekkjer, og vedlikehald og supplering av lysa i mange år framover. Seinare har det vore ei innsamling etter initiativ frå Damevennene. Også då viste pengestraumen at engasjementet framleis er like sterkt!

Engasjementet som har vorte vist er eit tydeleg bevis på kor mykje julegana betyr for både uskedelingane og mange andre!! Den er heilt sentral for å skapa den rette julestemninga!!

Idèen som Sigurd Wang kom opp med i si tid, har betydd mykje. Frå 1963 har den staselege julegrana lyst opp sentralt i bygda. Første tida var Kåre H. Guddal, Sverre Wang og Alfred Eik sentrale i pyntinga. Då brukte dei gaffeltrucken til Uskedal Trelastlager og stige for å koma til topps. I tillegg hadde Kåre Guddal eit spesielt langt tau som dei brukte kvart år.

Seinare har mange bidrege i samband med pyntinga. Likevel må Lars Myklebust og Knut Stensletten nemnast spesielt!! Dei har hatt ansvar så lenge eg kan hugsa, truleg i nærare 40 år. Ikkje berre syt dei for pyntinga før tenninga. Dei er på plass og skiftar ut pærer så fort dei ryk. Det set si ære i at Uskedalen skal ha det finaste julegrana gjennom heile førjuls- og juletida. Dei gjer ein stor jobb!!

Julegrana har altså vore pynta sidan 1963. Opplysningar eg set inne med tyder på at den vart planta for ca. 95 år sidan.

Av: Thor Inge Døssland.



Knut Stensletten og Lars Myklebust har lang fartstid i pyntegjengen. Dei seinare åra har dei hatt god hjelp av m.a. Ståle Eik.